



Gro Anette Fanebust  
Gjervika 38  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/802 - 17/15595

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
11.06.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 188/671 Gjervik Ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad den 03.03.2017 om oppføring av tilbygg utan ansvarsrett på snr.1 i horisontal delt tomannsbustad.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Skriv Q er ikkje lagt ved søknaden.
2. Gbnr 188/65 ligger knappe 11 meter frå tomannsbustaden. Eigedommen må nabovarslast om tiltaket.
3. Tomannsbustaden ligg i LNF område. Dispensasjon frå LNF føremålet er nødvendig, jf. kommunedelplan Knarvik-Alversund pkt. 2.9. I LNF område er det berre tillat å føre opp bygningar og anlegg som er nødvendig for drift av primærnæring og for natur- og friluftaktiviteter. Dispensasjonen må grunnjevast og nabovarslast. Det må gå 14 dagar etter at naboane er varsla til dispensasjonen kan sendast inn. Det bes om at nabovarsling av gbnr 188/65 ift. til tilbygget og nabovarsling av sjølv dispensasjonen, sendast inn samtidig. Veiledning til dispensasjon samt skjema til nabovarsling leggst ved dette skriv. Dispensasjonen er ein 12 vekers sak med tillegg av 4 vekers sakshandsaming ifm. høyring til bla. Fylkesmannen i Hordaland (16 veker tilsaman).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 10.07.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

dispensasjon

5154-nabovarsel

5155-opplysninger-gitt-i-nabovarsel

5156-kvittering-for-nabovarsel

**Kopi til:**

Gro Anette Fanebust	Gjervika 38	5914	ISDALSTØ
---------------------	-------------	------	----------

**Mottakarar:**

Gro Anette Fanebust	Gjervika 38	5914	ISDALSTØ
---------------------	-------------	------	----------